ALVER
KOMMUNE

Lindås Rør & Sanitær As
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: Ref.:882HGI-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 07.06.2022 |
| Vår: 22/4413 - 22/43262 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Mellombes svar på røyrleggjarmelding - gbnr 24/153 Fammestad

| | |
| --- | --- |
| **Tiltak:** | Tilknyting offentleg vatn, privat avløp (utsleppsløyve ikkje handsama) |
| **Byggjestad:** | Fammestad 17 A m.fleir |
| **Tiltakshavar:** | Morten Tveit |
| **Ansvarleg søkjar:** | Lindås Rør og Sanitær AS v/Heine Nævdal |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.05.2022

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tidlegare løyve til utslepp falt bort 05.04.2022. Det er sendt inn ny søknad om løyve til utslepp frå minireinseanlegg den 27.05.2022. Før kommunen kan handsame søknad om tilknyting til kommunalt vatn, skal det ligge føre nytt utsleppsløyve. Søknad om utslepp er, på noverande tidspunkt, ikkje handsama.

2. Situasjonskart som er vedlagt søknad viser ikkje rørføring frå veggliv og frem til tilknytings-punkt på kommunal vassleidning. Kommunen sitt VA-kart skal nyttast.

3. Det må sendes inn tinglyst erklæring om rett til å legge privat leidningsstikk over annen manns grunn. Dersom ein skal knytte seg på eksisterande privat leidningsnett i området, skal det sendes inn tinglyst erklæring om felles solidarisk ansvar for den del av leidningsnett som vert felles.

4. Det er i e-post 18.03.2019 gitt positivt førehandstilsegn om kryssing av veg med privat leidningsnett. Samfersel, veg-, vatn- og avløp forvaltning kan, av vårt arkiv, ikkje sjå at graveentreprenør har sendt inn gravesøknad for godkjenning.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.06.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
VA-kart GBNR 24-153
Erklæring om felles solidarisk ansvar
Erklæring om rett til å gå over annan manns grunn

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Morten Tveit | Reikeråsvegen 69 | 5913 | Eikangervåg |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Lindås Rør & Sanitær As | Burkhovdane 1 | 5914 | ISDALSTØ |